

Olje og Energidepartementet.

Referanse: 200707232-97

Kommentar til anke frå Gimsdalselva Fallrettslag.

Eg vil med dette kommentere innsendt anke på avslaget om konsesjon på kraftutbygging i Gimsdalselva i Sykkylven.

Kommentaren kjem som ein følge av at styret i Fallrettseigarlaget i Gimsdalselva ikkje er heilt ryddige i si anke på avslaget.

For det første er det heilt riktig som det står i anken at Vikedalen har fått den nye ``monsterlinja`` tvers over dalen, og ein svær trafostasjon på Heiane bak Aurenakken. Denne trafoen vart i første omgang plassert som eit alternativ nede i Vikedalen på Blindheimssida av dalen, etter massiv motstand vart den flytta opp frå dalbotnen og ut av syne for turbrukarane i dalføret. Kommunestyret innsåg at Vikedalen er det nest mest brukte turområdet i kommunen. Det som er heilt klart er at Vikedalen / Gimsdalen har med dette store statlege naturinngrepet har fått ``nok``. Vi lyt behandle restane av dette praktfulle sentrumsnære naturområdet med omhu.

Elles er det siste åra gjort ein stor innsats for å kultivere elva slik at den igjen kan kome attende til nye store ``høgder``. På 60, 70 og 80 talet var Vikeelva ei anerkjent storlakselv. Lat våre ungdommar og barn få oppleve det å kunne fiske seg ein laks i ny og ne.

Ein av turstiane i området går tvers over toppen på Gimsdalsfossen, det var Otto turlag som for 10-15 år sidan laga ei gangbru over elva for at turbrukarane i området skulle få sett denne prektige fossen. Råsa og brua er flittig brukt, det ser ein godt på den svarttrakka stien som fører opp til Gimsdalsstølen.

Til slutt vil eg kommentere at styret i Fallrettseigarlaget har trekt inn grunneigarlaga i underskrifta på anka. Dei respektive grunneigarlaga har ingenting med søknaden om konsesjon å gjere, det er det Fallrettseigarlaget som har. Dette er mest truleg gjort for å gje eit inntrykk av at alle er heilt einige om at dette prosjektet skal fullførast. Blindheim grunneigarlag heldt årsmøte våren 2015 utan at dette var diskutert. Så denne underskrifta lyt stå for Formannen si ``rekning`` å berre det.

Med helsing

Odd-Kristian Kulseth

Fallrettseigar, gardbrukar og representant for ``NEI`` sida av grunneigarane på Blindheim